| | |
|---|---|
| **Fra:** | Lars Hagesæter <lars@kalasbygg.no> |
| **Sendt:** | 28. juni 2017 16:25 |
| **Til:** | Tone Margrethe Bærland Furustøl; jan.t.stromme@gmail.com |
| **Kopi:** | Siril Therese Sylta |
| **Emne:** | SV: Møteinnkaling og utsett frist i høve tilbakemelding i saka - gbnr 11/64 og 11/85 - Hølleland |

Hei.

Møtetidspunkt er lagt inn i kalender, regner med det er på rådhuset.
Dersom det skulle vera tenkt ein anna plass er det fint med tilbakemelding på det.

God sommar.

Med vennlig hilsen


**KÅLÅS BYGG AS**

***Lars Alvær Hagesæter***
*Daglig leder*

m: 45 20 18 19 t: 56 35 33 70
e: lars@kalasbygg.no
- - - - - - - - - - - - - - - - - - - -
a: Sauvågen 83 – 5915 Hjelmås
w: www.kalasbygg.no
f: www.facebook.com/kalasbygg


*Kålås & Sønn Byggevarehandel AS har bytta namn og kjede.*
*Nytt namn er Kålås Bygg As og vi er no ein del av Byggtorget.*
*Organisasjonsnummer, kontaktpersonar, mail adresser og telefon er som før.*

---

**Fra:** Tone Margrethe Bærland Furustøl [mailto:tone.furustol@lindas.kommune.no]
**Sendt:** onsdag 28. juni 2017 14.50
**Til:** Lars Alvær Hagesæter <lars@kalasbygg.no>; jan.t.stromme@gmail.com
**Kopi:** Siril Therese Sylta <SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no>
**Emne:** Møteinnkaling og utsett frist i høve tilbakemelding i saka - gbnr 11/64 og 11/85 - Hølleland

Til Lars Alvær Hagesæter

Vi har sett av tid til møte torsdag 24.08.17 frå kl 13.00. Det er sett av ein time til møtet.

Ny frist for tilbakemelding i saka vert sett til 24.08.17.


**Tone Furustøl** | rådgjevar byggesak

**E-post**: tone.furustol@lindas.kommune.no | **Telefon**: +47 56 37 51 00
**Kundesenter**: +47 56 37 50 00 | **Heimeside**: www.lindas.kommune.no

LINDÅS KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på  kundesenteret
tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

---

**Fra:** Lars Alvær Hagesæter [mailto:lars@kalasbygg.no]
**Sendt:** 26. juni 2017 13:16
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl
**Kopi:** Siril Therese Sylta
**Emne:** Re: SV: Sak 14/2113 - gbnr 11 / 64 mfl. - Hølleland

Hei.

Tiltakshaver melder tilbake at det vert vanskelig å ta møte på torsdag, og vi må dessverre utsette det.

Foreslår at vi kjem tilbake med forslag til tidspunkt over ferien.

Ber samtidig om at de registrerer utsatt frist på tilbakemelding i saken, slik at vi får avholdt møte først.

Med vennlig hilsen

**Lars Alvær Hagesæter**
m: +47 45 20 18 19
e: lars@kalasbygg.no

Den 21. jun. 2017 kl. 14.56 skrev Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@lindas.kommune.no>:

> Hei.
>
> Det visast til tilsendt e-post der det bes om eit møte vedrørande sak 14/2113.
>
> Det einaste ledige tidspunkt før veke 27 er torsdag 29.06.2017 kl.13.
>
> Tilstades frå kommunen vil vere Siril Sylta (Einingsleiar Arealforvaltning) og Tone Furustøl (rådgjevar).
>
> **Tone Furustøl** | rådgjevar byggesak
>
> **E-post**: tone.furustol@lindas.kommune.no | **Telefon**: +47 56 37 51 00
> **Kundesenter**: +47 56 37 50 00 | **Heimeside**: www.lindas.kommune.no
>
> LINDÅS KOMMUNE
>
> Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på  kundesenteret
> tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.
>
> Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

**Fra:** Lars Hagesæter [mailto:lars@kalasbygg.no]
**Sendt:** 21. juni 2017 14:18
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl; Siril Therese Sylta; Hogne Haugsdal
**Kopi:** jan.t.stromme@gmail.com; Peder Hagesæter
**Emne:** Sak 14/2113 - gbnr 11 / 64 mfl. - Hølleland

Hei.

Viser til sak 14/2113 og all den historikk som etter kvart er i denne saka.
De kjenner sjølvsagt status og at siste kommunikasjon er omkring utsleppsløyve og etterspurt tilleggsdokumentasjon i den forbindelse. Me gjer difor ikkje noko full utgreiing her.

Saka har vore lang og undervegs har det vore fleire endringar av saksbehandlar, mange telefonar og avklaringar og sjølvsagt stor frustrasjon – sikkert for alle partar. Resultat er blant anna at ein skjematisk gjennomgang med førre saksbehandlar, der ein avklarte alle «trinn» som skulle til for å få avslutta saka, ikkje lengre gjeldt. Både ansvarleg søkjar og tiltakshavar fekk same opplistinga av «trinn» uavhengig av kvarandre – med melding om at dersom vi berre gjorde *«som vi vart fortalt»* så skulle denne saka komme til «landing».
Det er ingen realitetsendring i dei faktiske forhold sidan den gang, men vi opplever likevel at vi no å får andre svar en vi gjorde då.

Me minnar om at hytta er bygd på det som var eit lovleg løyve, men som i ettertid vart oppheva. I det opprinnelege løyve, som var grunnlag for utførelse, er det utrykkeleg skrive at:
*«Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2. Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve. Utsleppsløyve gjeld slamavskiljar.»*
Med bakgrunn i dette er det naturlegvis montert vassklosett i bygningen med alle nødvendige installasjonar.

Slik vi, saman med tiltakshavar, vurderer dette så treng heile saka ein god gjennomgang med sikte på å få på plass ei endeleg avklaring. Dette er vi heilt sikker på at er best om ein gjer i form av eit møte der alle involverte er til stades, slik at ein får riktig og lik forståring av vidare prosess.

Frå tiltakshavar stiller i utgangspunktet ansvarleg søkjar, ansvarleg rørleggjar og tiltakshavar. Om naudsynt kan SH Oppmåling stilla, og sjølvsagt andre dersom kommunen ser behov for det. Tiltakshavar vil også vurdera å ta med andre til møte dersom han finn det naudsynt.
Me meiner at kommunen minst bør stilla med saksbehandlar og avdelingsleiar byggesak – i tillegg til assisterande rådmann eller rådmann. Vår klare oppfatning er at saka treng nye auger som ikkje har vore direkte involvert i saksbehandlinga og som samstundes kan bidra til å få tatt naudsynte avgjersler slik at saka kan avsluttast på ein fornuftig måte.

Ber om at kommunen kallar inn til møte, grunna ferieavvikling må møte for vår del blir anten før veke 27 eller etter veke 30.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål til dette.

Med vennlig hilsen

**KÅLÅS BYGG AS**

***Lars Alvær Hagesæter***
*Daglig leder / Ansvarleg søkjar*

m: 45 20 18 19 t: 56 35 33 70
e: lars@kalasbygg.no
- - - - - - - - - - - - - - - - - - - -
a: Sauvågen 83 – 5915 Hjelmås
w: www.kalasbygg.no
f: www.facebook.com/kalasbygg

*Kålås & Sønn Byggevarehandel AS har bytta namn og kjede.*
*Nytt namn er Kålås Bygg As og vi er no ein del av Byggtorget.*
*Organisasjonsnummer, kontaktpersonar, mail adresser og telefon er som før.*
*Endringa er venta å tre formelt i kraft i Brønnøysund i slutten av juni.*